

Vedlegg 5



**Statens vegvesen**

Hordaland fylkeskommune –  
Samferdsleavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Unn Jenny Utne Kvam / 15/210162-2 26.11.2015  
55516243

**Klage – uttale om uteservering på fortau – fv 585 Torget – Bergen kommune**

Vi viser til klage frå Advokatfirmaet Harris motteken 16.09.2015.

Brevet vi har motteke er utforma som ein klage på ein e-post sendt frå Statens vegvesens til Bergen kommune v/ Trafikkaten 24.08.2015. E-posten er oppfølging av eit notat sendt 18.08.2015. E-posten og notatet omhandlar kva fortausareal vegvesenet vurderer at kan leigast ut til uteservering langs fv 585 Torget for sesongane 2015 og 2016.

Vedlagt følgjer alle relevante dokument i saka:

Sak 2015/107588		
Dok nr	Tittel	Avsendar
1	Notat om uteservering langs Torget for sesongene 2015 og 2016	Statens vegvesen
2	Svar på spørsmål etter møte 20150820 – Uteservering Torget	Statens vegvesen
3	Klage – Uteservering langs torget i Bergen kommune	Advokatfirmaet Harris
4	Justert kart – uteservering Torget 3	Statens vegvesen

## Bakgrunn – handsaming av søknader om utservering på fortau i Bergen

### Saksgang ved søknad om uteservering

Bakgrunnen for omtala e-post og notat er at det i Bergen vert praktisert ei ordning der kommunen handsamar søknader om uteservering på fortau langs offentleg veg. Med bakgrunn i ein munnleg avtale mellom kommunen og Statens vegvesen, handsamar kommunen også dei sakene som gjelder fortau langs riksveg eller fylkesveg, som er vegnett vegvesenet har ansvaret for.

Når kommunen mottek søknader om uteservering på fortau langs riksveg eller fylkesveg, sender kommunen søknaden til vegvesenet for uttale.

### Er uttalen frå Statens vegvesen eit enkeltvedtak?

I samband med denne klagesaka, har det kome opp spørsmål om uttalen frå Statens vegvesen er å rekne som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og såleis kan påklagast.

Når det gjeld fortausareal langs riksveg og fylkesveg, har Statens vegvesen både ei rolle som eigar<sup>12</sup> av vegen og ei rolle som vegstyresmakt. I samband med utservering på fortau, mottek vi som eigar av veg søknader frå naboar langs veganlegg om å få leige areal. Slik sett opptrer vi som eigar, og kan hevde at vi gjev ein uttale med bakgrunn i eigarråderetten vår. Ein slik uttale er ikkje å rekne som eit enkeltvedtak, og vil ikkje kunne påklagast.

I saker som gjeld uteservering i Bergen, har vegvesenet avtala med kommunen at dei kan overta mange av dei oppgåvane som i utgangspunktet ligg til grunneigaren når det gjeld inngåing og oppfølging av avtaler om leige av fortau.

Uttalane vi sender til kommunen i konkrete saker, omhandlar for ein stor del trafikkfaglege vurderingar. Desse har bakgrunn i vår rolle som vegstyresmakt. Ein uttale frå vegvesenet som vegstyresmakt kan vere eit enkeltvedtak, og dermed mogleg å påklage.

Uttalane vi gjev i uteserveringssaker i Bergen inneholder element av både vegevesenet si rolle som eigar og rolla som vegstyresmakt. Vi har vurdert å avvise klagen i denne saka med bakgrunn i eigarråderetten, men har i staden vald å sjå på uttalen som eit enkeltvedtak fatta av Statens vegvesen som vegstyresmakt. Det er grunna i at kjernen i vår uttale er knytt til vår rolle som vegstyresmakt og derfor er ei trafikkfagleg vurdering som truleg er myndighetsutøving, jf forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a. Etter vårt syn er også vår vegfaglege uttale bindande i den forstand at kommunen ikkje kan leige ut vårt areal i strid

<sup>1</sup> I saker som gjeld fylkesveg opptrer Statens vegvesen som eigar på vegne av fylkeskommunen.

<sup>2</sup> Vanlegvis er Statens vegvesen registrert som eigar av riksveg og Hordaland fylkeskommune/Statens vegvesen som eigar av fylkesveg. I Bergen står kommunen i ein del tilfelle, mellom anna på Torget, i matrikkelen oppført som eigar av grunn som er del av riksveg-/fylkesveganlegg. Bakgrunnen for dette er mellom anna at Bergen tidlegare var eige fylke, at vegar har blitt omklassifisert, og at det fleire stader ikkje har blitt prioritert å bruke ressursar på å endre eigartilhøva der det offentlege eig vegareala. I slike saker reknar Statens vegvesen likevel vegvesenet/fylkeskommunen som den reelle eigaren av grunnen.

med vår vegfaglege uttale. Slik sett er vår uttale ei avgjerd av det vegfaglege spørsmålet og kan dermed vere bestemmande for rettigheitene til bestemte personar, jamfør forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a og b. Dette gjeld sjølv om endeleg løyve ikkje føreligg før dei har underteikna leigeavtale med kommunen. Vi handsamar derfor klagen.

### **Klagen gjeld**

Klagen gjeld 4 konkrete punkt. I tillegg innehold brevet merknader knytta til korleis Statens vegvesen forvaltar fortausareala i Bergen generelt og langs Torget spesielt.

#### Generelt om uteservering

Klagar skriv at «*det synes som Statens vegvesen har en snevrere forståelse av de samfunnsmessige interesser*». Det vert også stilt spørsmål ved substansen i dei henvendelsane vegvesenet har fått om at det er lite plass til gåande, kollektivreisande og andre mjuke trafikantar på fortauet langs fv 585 Torget.

Når det gjeld bakgrunnen for dei vurderingane Statens vegvesen gjer når vi uttaler oss til søknader om leige av fortausareal til uteservering, viser vi til brev sendt frå oss til Hordaland fylkeskommune v/ Samferdsleavdelinga 05.11.2015 (vår ref. 15/227461-1). Dei overordna føringane som ligg til grunn for vurderingane våre er i hovudsak knytta til lokale, regionale og nasjonale målsetjingar om universell utforming av transportsystemet og tilrettelegging for meir gang-, sykkel- og kollektivtrafikk i Bergen.

Statens vegvesen ser at uteserveringar er eit viktig element i ein levande by, og er i utgangspunktet positiv til å leige bort fortausareal til utservering der fortaua er så breie at det er rom for det. Vi ser imidlertid ikkje at det er grunnlag for å prioritere omsynet til uteservering framfor omsynet til ferdsle på fortauet. Denne prioriteringa er i samsvar med prioriteringane i føremålet som kjem fram av veglova § 1a. Fortaua sin overordna funksjon i byen er å vere ei ferdselsåre. Framover skal fleire gå, og vi skal legge til rette for at det skal vere attraktivt å gå for alle. Statens vegvesen har som oppgåve å sikre trygg og god framkomeleghet for alle trafikantgrupper. I Bergen sentrum skal mykje av trafikkauken framover kome på fortaua, og på busshaldeplassane som ligg i tilknyting til dei. Nødvendig trafikkareal på fortau kan derfor ikkje leigast bort til andre formål.

#### Konkrete klagepunkt

1. Førespurnad om redusert breidde på gangareal/ferdselssona på fortauet frå 4 til 3 meter etter kl 18.

Klagar hevdar at ordninga med større serveringsareal etter kl 18 fungerte i mange år utan problem, og at det ikkje er så mykje trafikk på fortauet at det er grunn til å gå bort frå dette.

*Statens vegvesen si vurdering:*

Fortauet langs Torget er eit av dei mest trafikkerte i Bergen, noko som er ein del av bakgrunnen for at Statens vegvesen her legg til grunn at det er behov for ei 4 meter brei ferdsselssone. Fortauet langs Torget er mellom anna ei viktig kopling mellom sentrum og

store bustadområde nordover mot Sandviken, det har mykje turisttrafikk, det har to busshaldeplassar og det inngår som ein viktig del av gangtilbodet i sentrum.

I tillegg til å vere eit viktig tilbod for gåande og kollektivreisande, er fv 585 Torget hovudrute for sykkel. Det er ikkje eit eige tilbod til syklistar her i form av sykkelveg eller sykkelfelt. Den hovudrute for sykkel går langs slike vegar, er det eit generelt prinsipp at ferdselssona skal vere 4 meter brei. Årsdøgntrafikken (ÅDT) over Torget er 14.500. Av dette er 12 % lange køyrety. Å sykle i blanda trafikk her er lite attraktivt, og mange vel derfor å sykle på fortauet. Av omsyn til sykkeltrafikken, er det derfor også eit særleg behov for ei breiare ferdsselssone her.

Også etter kl 18 er det mykje gangtrafikk og behov for ekstra fortausbreidde av omsyn til sykkeltrafikken. Ordninga med smalare fortau etter kl 18 er ei ordning som er avvikla, og som det etter Statens vegvesen sitt syn ikkje er grunnlag for å ta fram att. Ein slik bruk av fortauet her vil kome i konflikt med målsetjingane om universell utforming og tilrettelegging for meir gang-, sykkel- og kollektivtrafikk.

## 2. Innsnevra areal utanfor Torget 15.

Klagar hevdar kummen som ligg i ei nedsenkning på fortauet ikkje er eit problem for trafikken på fortauet. Dersom den likevel er det, meiner søker problemet kan løysast med enkle tiltak.

### *Statens vegvesen si vurdering:*

Det er ofte slik at kummar i praksis snevrar inn den faktiske fortausbreidda i eit område. Ein kum i utkanten av eit fortau, vil ofte leie mellom anna syklistar bort frå denne delen av fortauet, då kummen er ubehageleg å passere. I denne saka er det snakk om ein kum som ligg i ei nedsenkning. Her vil kummen og hellinga rundt den også kunne gjøre det vanskeleg for rullestolbrukarar, folk med barnevogn m.fl. å passere over kummen. Fotgengrarar går også gjerne utanom.

Når det gjeld moglegheita for å utbetre tilhøva rundt kummen, så er det vanskeleg å gjøre det slik veganlegget ligg i dag. Kummen er ein overvasskum som skal drenere bort overvatn frå fortausarealet. Den må derfor ligge på det lågaste punktet. Ei anna handtering av overvatnet her, vil krevje at hellinga på fortauet vert endra, slik at det får fall frå husvegg heilt ut til kantstein. Det inneber ei større ombygging av veganlegget over Torget. Det er noko som truleg først vil skje i samband med utbygging av bybane og sykkelanlegg gjennom sentrum og nordover. Detaljar knytta til dette er ikkje avklara.

Statens vegvesen deler ikkje klagar si vurdering av at kummen ikkje fører til problem for mjuke trafikantar. Kummen eit hinder som gjev behov for ei breiare ferdsselssone ved det aktuelle punktet. Vegvesenet deler heller ikke søker si vurdering av at problemet kan løysast med enkle tiltak. Ei anna handtering av overvatnet her vil krevje ei større ombygging av veganlegget over Torget.

### 3. Endringar utanfor Torget 3.

Statens vegvesen har, etter at e-posten som denne klagen gjeld vart sendt, vore i dialog med serveringsstaden med adresse Torget 3, og det har blitt semje om ei justering av kva areal som kan leigast ut (jamfør e-post sendt 23.09.2015). Vi ser derfor ikkje behov for å handsame dette klagepunktet.

### 4. Markiser

Klagar problematiserer at det er krav om at markiser skal ligge innanfor serveringsarealet, og ber om å få setje opp markisene på funksjonell måte. Vi legg til grunn at det innber ein førespurnad om markiser utanfor serveringsarealet. Det vert føreslått ei løysing med vassrenner nedst på markisene med avlaup inn på serveringsarealet. Det vert påpeika at dette er eit moment som ikkje har blitt vurdert tidlegare i saka.

Kravet om at markiser skal vere innanfor serveringsarealet er ikkje nytt. Det har i fleire år vore ein del av leigekontraktane kommunen har inngått med serveringsstader om uteservering.

I samband med uttalane Statens vegvesen har gjeve om uteservering på Torget i 2015, har ikkje avgrensinga av markisene blitt særleg vurdert. Vi har imidlertid påpeika at dette også er eit standard vilkår i leigekontraktane som må følgjast opp. Dei seinare åra har markisene på Torget gått langt inn i ferdselssona, og vore til hinder og ulempe for gang- og sykkeltrafikken på fortauet.

Statens vegvesen har ikkje fått førespurnad om å uttale seg til konkrete søknader om særlege tilpassingar av markiser. I og med at det ikkje føreligg ein uttale om dette, ser vi ikkje at det er noko avgjerd frå vår side som kan klagevurderast. Det er såleis ikkje grunnlag for å handsame dette klagepunktet.

Dersom dei serveringsstadene som klagar representerer ynskjer å få vurdert konkrete framlegg til markiser som ikkje samsvarer med krava i standardavtalen til kommunen, vil vi kunne uttale oss når det føreligg konkrete søknader om dette.

### **Oppsummering**

#### Klagepunkt 1:

Statens vegvesen held fast på vurderinga av at det langs fv 585 Torget også etter kl 18 er mykje gangtrafikk og behov for ekstra fortausbreidde av omsyn til sykkeltrafikken. Ordninga med smalare fortau etter kl 18 er ei ordning som er avvikla, og som det etter Statens vegvesen sitt syn ikkje er grunnlag for å ta fram att. Ein slik bruk av fortauet her vil kome i konflikt med målsetjingane om universell utforming og tilrettelegging for meir gang-, sykkel- og kollektivtrafikk.

**Klagepunkt 2:**

Statens vegvesen held fast på vurderinga av at kummen og hellinga rundt den fører til problem for mjuke trafikantar. Den faktiske fortausbreidda vert snevra inn og det er ubehageleg/vanskeleg å passere med sykkel, rullestol, barnevogn m.m. Kummen er eit hinder som gjev behov for ei breiare ferdselssone ved det aktuelle punktet. Vegvesenet deler ikkje sokjar si vurdering av at problemet kan løysast med enkle tiltak. Ei anna handtering av overvatnet her vil krevje ei større ombygging av veganlegget over Torget.

**Klagepunkt 3 og 4:**

Det er ikkje grunnlag for å klagehandsame desse punkta.

**Konklusjon**

Statens vegvesen har vurdert klagen og finn ikkje å kunne ta den til følgje.

Saka vert med dette sendt over til Hordaland fylkeskommune som klageinstans.

Vegavdeling Hordaland  
Med helsing

Olav Finne  
avdelingsdirektør

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Kopi  
Advokatfirmaet Harris DA, Postboks 4115 Sandviken, 5835 BERGEN  
Bergen kommune – Trafikketaten, Postboks 7700, 5020 BERGEN

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*